



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Sakshands.: LAK      Vår ref.: 17/417-3      Dykkar ref.:      Dato: 14.12.2017  
Direktetlf.: 56327521      Arkiv: 104.2

**KVART STEG TEL****Rapport**

Saksnr 2017/121

Ressursnr 12564

Sund kommune fekk kr 100.000 i tilskotsordninga *Lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom*. Vi har etter nøye vurdering kjøpt 3 personteljarar og plassert dei i Sundskogen (BOF-område), på Skaganeset (prosjekt) og den siste kjem i turløypa *Ord i spreke spor* (gitarløypa) som går til Storaskjenet. Det er ei endring i forhold til søknaden, der vi skisserte ein teljar på Tyssøyna. Revurderinga kom i samband med at vi ynskte å plassera teljarane i turløyper nær skular og barnehagar. På Tyssøyna er det ingen av delane, men nær Sundskogen ligg det ein barnehage. Om vi vurderer det annleis på eit seinare tidspunkt, er desse teljarane flyttbare.

Det er rydda turløyper og installert teljarar for å måla og forstå verdien av tilrettelegging i desse friluftslivsområda. Rydding av rotvelter, lyng og brake er gjort av brukarar av kommunale tenester innan psykiatri, ungdomskontor og NAV med arbeidsleiing frå kultureininga.

Lærarar og klassar på Skogsvåg skule har deltatt i utsetting av teljarane på Skaganeset, og det same vert gjort i løypa til Storaskjenet av Stranda skule. Begge skulane er innstilte på å henta inn data frå teljarane og bruka dei i undervisninga. I Sundskogen, er det gjort eit stort til retteleggingsarbeid som vil koma barnehagen, barnefamiliar og andre turgåarar til gode. Sund turlag følgjer opp denne turteljaren og fører tilsyn med alle.

Det var sett eit vilkår i tilsegnsbrevet om deltaking i regional samordning. Fylkeskommunen inviterte aldri til møte om dette, så vi har nytta midlane og organisert arbeidet sjølv. Erfaringane våre kan likevel overførast til andre kommunar om ynskjeleg. Teljarane kom på plass først i november/desember, så vi har få eller ingen data førebels, men vi har stor tru på å nå måla om auka fysisk aktivitet i turløypene. Kulturkontoret, skulane, BOF og turlaget vil følgja opp og evaluera dette årleg.

**Rekneskap**

	<b>søknad</b>	<b>rapport</b>
Arbeidsleiing løna av kultureininga	kr 33.600	33.900
Innkjøp av teljarar	kr 100.000	98.295
Dugnad 227 t utført av brukarar av kommunale tenester	kr 67.200	68.105
Tilskot frå fylkeskommunen	kr 100.000	100.000

Sund kommune har innfridd kravet om 50 % eigenfinansiering.

Med venleg helsing  
Laila Klemetsaune  
leiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*

3#10:b8056c79-85cb-47a2-8b1a-6d38cca414e5:4